Fylkesmannen i Hordaland

Rapport frå inspeksjon ved NGIR Behandlingsanlegg for kasserte kjøretøy

Namn på verksemda:	NGIR IKS	**Tidsrom for kontrollen:**	10. juni 2011
Adressa til verksemda:	Lindåsvegen 1260 5956 Vågseidet	**Rapportnr.:**	2011.051.I.FMHO
Utsleppsløyve av:	06.10.1982	**Arkivkode:**	2011/9654
Siste inspeksjon:	28.07.2004	**Anleggsnr.:**	1263.0099.01
		Organisasjonsnr.:	974702568, eigd av 856167402
Til stades frå verksemda:	Rune Ones Roger Fjellsbø Frode Olsen	**Til stades frå Fylkesmannen:**	Barbro Relling Hallvard Hageberg

Rapporten omtalar avvik og merknader som vi fann ved tilsynet.

Vi fann følgjande avvik:
Drift og kontroll med oljeutskiljar er mangelfull
Risikovurdering for ytre miljø er ikkje oppdatert

I tillegg har vi følgjande merknader:
Betongdekke/kant der flatpressing gjekk føre seg hadde synlege skader

Frist for å rette avvika er 1. oktober 2011.

18.07.2011	Kjell Kvingedal seksjonssjef	Hallvard Hageberg senioringeniør

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter ein inspeksjon ved NGIR Behandlingsanlegg for kasserte kjøretøy. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å verne miljøet mot forureining. Inspeksjonen har som mål at verksemda skal følgje miljøkrava. Rapporten inneheld avvik og merknader. Rapporten gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Avvik er brot på vilkår i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

Merknad er eit tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og blir lagt ut på nettstaden vår www.fylkesmannen.no/hordaland. De finn lover og forskrifter på www.regelhjelp.no.

2. Regelverk

Vi har ført tilsyn etter følgjande regelverk:

- Avfallsforskrifta kapittel 4, Kasserte kjøretøy
- Forskrift om internkontroll
- Løyve etter forureiningslova av 6. desember 1982

3. Tema

- internkontroll med hovudvekt på avvikshandtering og risikovurdering
- utsleppskontroll basert på utsleppsløyvet av 6. desember 1982.

Vi har ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda.

4. Avvik

Avvik 1
Drift og kontroll med oljeutskiljar er mangelfull

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6

Observasjonar
Det er ikkje skriftlege rutinar for prøvetaking av rensa vatn frå oljeutskiljar. Det vert heller ikkje teke slike prøver.

I løyvet til NGIR frå 1982 er det ikkje stilt krav til restinnhald av olje i vatn frå oljeutskiljaren.

Kapittel 15 i forureiningsforskrifta gjeld for bensinstasjonar, vaskehall for kjøretøy, motorverkstader m.v, sjå § 15-1.

I § 15-10 i den same forskrifta står det:

"Tillatelser til utslipp av oljeholdig avløpsvann gitt i medhold av forurensningsloven og tilhørende forskrifter før 1. januar 2007, er fortsatt gjeldende med følgende endring:

> a) § 15-7 erstatter tillatelsens krav til utslipp fra 31. desember 2007, dersom tillatelsens krav til rensing er mer lempelig enn rensekravene i § 15-7."

Dette forstår vi slik at kravet til restinnhald for oljeutskiljaren til NGIR er 50 mg/liter. Dersom de skal vita om de held dette kravet eller ikkje, må de ta representative prøver av vatnet frå oljeutskiljaren og få dei analyserte for oljeinnhald.

Det vart opplyst under tilsynet at det var alarm på utskiljaren som gjekk dersom nivået på oppsamla olje vart for høgt. Det vart ikkje gjennomført regelmessig kontroll av at denne alarmen fungerte etter formålet. Det var heller ikkje rutinar for slik kontroll.

Avvik 2
Risikovurdering for ytre miljø er ikkje oppdatert

Avvik frå:
Internkontrollforskriften § 5 punkt 6

Observasjonar
Risikovurderinga som vart lagd fram under tilsynet var datert 2004. For at risikovurderinga skal fungera som grunnlag for risikoreduserande tiltak er det viktig at den blir oppdatert med jamne mellomrom, og i alle fall når det vert gjort endringar som verkar inn på risikoen. Det vart under tilsynet opplyst at NGIR no flatpressa sanerte bilvrak sjølve, men at pressinga tidlegare var gjort av eksternt firma som hadde eige utstyr for dette. Denne endringa åleine burde ha utløyst oppdatering av risikovurderinga.

3. Merknader

Merknad 1

Betongdekke/kant der flatpressing gjekk føre seg hadde synlege skader

Kommentarar

Det vart under tilsynet opplyst at flatpressinga skjedde ved at eit lodd vart heist opp med kran, og så slept ned på vraket. Dette hadde tidvis ført til skader på betongdekket, og NGIR prøvde ut ulike material (matter og liknande) som underlag oppå betongdekket. Ved tilsynet kunne vi sjå at kanten som avgrensa området for flatpressing hadde skader.

4. Andre tilhøve

Verksemda opplyste under tilsynet at det var planar om å skaffa betre utstyr for miljøsanering. No skjer dette ved at bilvraket vert heist opp på ein enkel "bukk", og deretter må operatøren henta det utstyret han treng andre stader i lokalet for å suga ut og samla opp dei ulike væsketypane i eigne tankar.